




ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Når ein har begynt å kysse, kan ein godt få lyst til at det skal føre til noko meir, at ein for eksempel tar på kvarandre mellom beina, på puppane eller har sex. Korleis forsikrar du deg om at den du er saman med, har lyst til det same?
- Kva gjer du dersom det du ikkje har lyst til, skjer likevel?
- Somme unge kan føle på eit press til å skulle fortsetje «når ein først er komen i gang». Kvifor trur de at det kan vere sånn? Kvar kjem dette presset frå?
- Somme kan synast at det er vanskeleg å seie nei – for ikkje å vere «kjedeleg», eller fordi dei ikkje vil gjere andre lei seg eller kanskje skuffa. Kvifor er det viktig å lytte til og legge merke til om den andre har lyst?
- Korleis kan du sjekke om den andre har lyst til det du gjer?
- Kven kan du snakke med dersom du opplever at nokon ikkje respekterer grensene dine?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Korleis kan vi vite om nokon har lyst til å kysse?
- Somme synest det er vanskeleg å seie nei fordi dei ikkje vil såre nokon. Kvifor er det viktig å seie frå likevel?
- Korleis kan vi seie nei til å kysse på ein ok måte?
- Kva kan vi gjere dersom den andre ikkje godtar eit nei?
- Kan de kome på andre tilfelle der det er viktig at begge partar synest det dei gjer, er hyggeleg?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Er det samtykke på bildet?
- På kva måte kan vi gi samtykke til for eksempel å kysse?
- Kvifor trur de nokon blir freista til å ta på nokon, og gå over andre sine grenser, når dei ikkje kan seie ja eller nei?
- Kvifor er det alvorleg å ta på nokon som ikkje er vakne?
- Kva kan vi gjere dersom vi ser nokon misbruке det at ein person er for trøytt eller kanskje for full til å seie frå?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Kjenner de reglane for bildedeling?
- Kvar finn vi informasjon om dei reglane som gjeld for bildedeling?
- Det er straffbart å dele intime og blottleggande bilde utan samtykke. Kvifor trur de at det høyrer til i kategorien kriminelt?
- Kva for konsekvensar kan det ha for den som får bildet sitt delt?
- Trur de at alle barn og unge kjenner reglane for bildedeling?
- Kva kan vi gjere for at alle barn og unge skal kjenne reglane for bildedeling?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Nokre gonger kan det vere vanskeleg å seie frå, kanskje særleg dersom alle andre ser ut til å ha det gøy. Kan de kome med eksempel på liknande situasjonar unge kan hamne i?
- Korleis kan du vite om dei rundt deg synest det du snakkar om, eller for eksempel viser på telefonen, er ok?
- Det er viktig å respektere personlege grenser. Kva har personlege grenser med samtykke å gjere?
- At det er samtykke, betyr at ein er einige om det som skjer. Kvifor er det viktig å vere merksam på samtykke?



ARBEIDSSPØRSMÅL

- Kva skjer på bildet?
- Kan de kome på fleire eksempel der nokon blir tatt på mot sin vilje?
- Kva kan vere grunnen til at enkelte tar på andre på ein intim måte utan å ha fått lov?
- Kva kan du gjere dersom nokon tar på deg på ein slik måte?
- Kva kan du gjere dersom ein venn eller ei venninne blir tatt på mot sin vilje?
- Kva kan du gjere om du er saman med nokon som tar på – eller foreslår å ta på – andre mot deira vilje?
- Det er ulovleg å ta på andre på ein intim måte utan samtykke. Kvifor trur de det er ulovleg?